



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Eirik Mørstad Bråthen
Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

Protokoll, møte i Øystre Slidre ungdomsråd

Dato: mandag 27.november / tid: kl. 16.30 - 18.30

Stad: Nettverket E-sportsenter (gamle Tingvang barnehage)

Inviterte: Eirik Mørstad Bråthen, Erlend Aasan, Ane Melbye, Kristin Kjørli, Vilhelm Petter Enerud Kjersti Hedalen.

Kopi til vara: Jostein Sørensen, Stine Marie Hillestad

Sak 23/12 Nedbemannning i Politiet i Valdres – uttale

Bakgrunn for saka:

Kjersti informerte ungdomsrådet om reduksjonen i talet på kommunekontakter i Politiet i Valdres. Kommunekontakten er ein representant frå Politiet som skal kjenne til- og jobbe spesielt inn mot ein enkelt kommune, ved å vere synleg og gjennom å følgje opp lokale saker i den enkelte kommunen. Politikontaktene har vorte redusert frå 3 til 2 i Valdres det siste året, grunna økonomiske kutt i Politiet. Dette medfører at, Svein Tvenge, som er politikontakt i Øystre Slidre, har vore mindre tilgjengeleg det siste halvåret.

Etter at Kjersti meldte inn saka, er det sagt at me skal få igjen denne politikontakten. Dette har ikkje skjedd endå.

Ungdomsrådet gjorde ei lita drøfting kring ulemper ved mangel på lokal politikontakt.

Drøfting:

Ungdomsrådet meiner Politiet er klart mindre synlege på skulen og på ungdomsklubben enn tidlegare. Dei har heller ikkje hatt ressursar til å vere med på gjennomføringa av "Utsett" på ungdomsskulen. Dette meiner ungdomsrådet er synd; for det eine på grunn av den førebyggjande effekten nærleiken av Politi kan ha for kjensla av tryggheit og for å hindre uynskt aktivitet på skulen og på ungdomsklubben, men og fordi uformelle møte med Politiet er kan vere med å «ufarleggjere» dei.

Ungdomsrådet ser gjerne at Politiet i større grad kan jobbe førebyggjande, ved å oppsøke uformelle møteplassar for ungdom, som t.d. klubben eller skulen. Til dette treng dei tidsressursar. Ungdomsrådet løftar at tidleg alkoholdebut er ei utfordring i kommunen, men og at fleir born og unge røykjer og snusar. Enkelte ungdommar nyttar klubben som anledning til å prøve ut alkohol – då ikkje på klubben, men i området rundt Tingvang på klubbkveldane.

Vidare arbeid:

Koordinatorane for ungdomsråda i Valdres jobbar for å organisere eit møte for alle ungdomsråda i samband med UKM i mars. Ungdomsrådet meiner dette kan vere ei god sak å ta opp i dette møtet, og at alle ungdomsråda då kan jobbe med ei samla uttale kring viktigeita av Politikontakten i Valdres.



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Eirik Mørstad Bråthen
Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

Sak 23/13 Konstituering av Ungdomsrådet 23/24

Bakgrunn for saka:

Representantane i Ungdomsrådet vart formelt valde i kommunestyret sak 71/23, *Val av ungdomsråd 2023-2024*.

Desse er valde inn i ungdomsrådet:

Medlem:

Kristin Kjørli
Eirik Mørstad Bråthen
Ane Melby
Vilhelm Petter Enerud
Erlend Aasan

Vara:

Jostein Sørengen
Stine Hillestad

Vedtak:

Ungdomsrådet valde Eirik Mørstad Bråthen til leiar i ungdomsrådet og Erlend Aasan til nestleiar.

Sak 23/14 Behandling av søknad - støtte til innspeling av musikkvideo, «Ejlis»

Bakgrunn for saka:

Ungdomsrådet har motteke ein søknad frå den lokale artisten, «Ejlis», om støtte til innspeling av ein musikkvideo. Ungdomsrådet har att om lag 10.000 kr på sitt budsjett i 2023, som skal nyttast til demokratisk ungdomsarbeid, aktivitet for unge i kommunen, eller som kan gjevast i støtte til tiltak som kjem born og unge til gode. Midlar som ikkje vert bruk, vert sett av til Ungdomsrådet sitt disposisjonsfond.

Vedtak:

Ungdomsrådet støttar artisten «Ejlis» (Silje Brekke Veltun), med kr 4900 till innspeling av musikkvideo til låta «Another love».

Ungdomsrådet tykkjer det er viktig å støtte unge lokale kunstnarar med draumar, og at Silje sitt ynskje om synleggjere heimbygda Valdres i videoen er spanande. Ungdomsrådet stiller krav om at stønaden vert synleggjort i arbeidet med-, eller i marknadsføringa av videoen.

Resterande ubrukte budsjettmidlar for 2023 vert avsett på Ungdomsrådet sitt disposisjonsfond.



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Eirik Mørstad Bråthen
Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

Sak 23/15 Prosessarbeid - uteområdet ØSUS

Bakgrunn for saka:

Ungdomsrådet har fått mandat om å vere med å utforme medverkingsprosessen knytt til planlegging av opprusting av uteområdet ved ØSUS. Målet er at ungdomane kan vere med å prege prosessen og korleis kommunen skal gjennomføre denne, slik at me kan sikre god og reell medverking, der ungdomane får anledning til å vere med å påverke resultatet i størst mogleg grad.

Ungdomsrådet jobbar med saka i møtet.

Behandling:

Ungdomsrådet drøfta ulike sider av prosessen, mad bakgrunn i erfaringar frå verkstaden i medverking, september 2023.

Uttale til vidare arbeid med prosessen:

- Medverkingsprosessar bør gjennomførast klassevis på ØSUS
- Det må vere tydeleg kva oppgåva er, og kva ungdomane faktisk kan vere med å påverk
- Det må leggjast opp til prosess, med fleir arbeidsrundar slik at tankar og idear kan modnast
- Kanskje nytte ei spørjeundersøking, for å få med fleir
- Bruke individuell – gruppe – plenum – modell i klassearbeida
- Bruk kombinasjon av digitale og «analoge» arbeidsverktøy – den må engasjere

Vedtak

Øystein får i oppgåve å utarbeide eit utkast med oppgåver og spørsmål til neste møte i ungdomsrådet, på nyåret 2024. Prosessen skal nytte ein kombinasjon av MENTI og andre arbeidsoppgåver – litt etter same modell som workshopane i medverkingsarbeidet med NE-S.

Sak 23/16 Skatehall i Valdres

Bakgrunn for saka:

Nokre ungdomar i skatemiljøet på Fagernes ynskjer ein lokal innandørshall for skating i Valdres. I ein periode brukte dei trykkeriet på Fagernes til skating om vinteren, eit tilbod som fall bort etter at kulturskulen flytta inn. Skaterane er på jakt etter ein ny plass der dei kan skate inne, og har kontakta ungdomsrådet i ØS for å høyre om me kjenner til ein stad dei kan vere, eller om me kan bidra til å få til ein arena for innandørsskating i Valdres.

Behandling:

Ungdomsrådet har stor forståing for at det er ynskje om ein innandørsarena for skating, men kjenner ikkje til ein aktuell arena i kommunen. Rådet vil tilrå skaterane å ta kontakt med avisar for å gå ut med ynskjet sitt, med håp om at nokon med eit ledig lokale vil melde seg.



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Eirik Mørstad Bråthen
Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

På sikt kan kanskje skaterane, med skateklubben på Fagernes i spissen, jobbe for å få etablert ein skatedel i det planlagde påbygget til Valdres storhall.

Vedtak:

Eirik melder tilbake til skaterane om ungdomsrådet si tilråding.

Rådet vil tilrå skaterane å ta kontakt med avis for å gå ut med ynskjet sitt, med håp om at nokon med eit ledig lokale vil melde seg.

På sikt kan kanskje skaterane, med Fagernes skateklubb i spissen, jobbe for å få etablert ein skatedel i det planlagde påbygget til Valdres storhall.

skrivar

Øystein Skattebu

Avdelingsleiar Ung kultur / koordinator for ungdomsrådet